

Reglement Grendacupen 2018.

Det blir spelt med vanleg five-a-side reglar med nokon unntak.

Fem spelarar på bana. (Inkludert keeper)

Kampane vert spelt med filtball

Ballen kan ikkje kastast frå keeper og over midten, om ballen har vore ute av spel. Utspark er ikkje lovleg

Mål: 7-ar

Speletid: Dei innleiande kampane: 1 x 15 minutt. (Speletid per kamp kan reduserast ved behov.)

I sluttspelet aukar speletida til 1 x 20 minutt.

Ved uavgjort etter full tid i sluttspelet, skal kvart lag ta ein spelar av bana. Dette vil gjenta seg kvart minutt, til det er to spelarar att på kvart lag.

Kort/åtvaring:

Ved to gule kort i same kamp, må spelaren sone resten av kampen. Etter to minutt kan laget sette inn ein ny spelar.

Ved raudt kort blir det direkte soning i den kampen som er i gong, og ein må og sone påfølgjande kamp. Etter to minutt kan laget sette inn ein ny spelar.